




2020

# Årsmelding Norheimsund indremisjon



Eli Skåland Tveitane

## Innhald

Om Norheimsund indremisjon .....	2
NIM arbeidet i 2020 .....	2
Fellesskapsutvikling.....	3
Satsingsområde.....	4
Rekneskap .....	5
Tilrådingar for det vidare arbeidet.....	5

## Norheimsund indremisjon (NIM)

Norheimsund indremisjon er tilslutta Indremisjonssamskipnaden (IMS) som er tilslutta Indremisjonsforbundet (IMF). Arbeidet skjer i Norheimsund bedehus som laget eig og driv sjølv.

Styret har i 2020 hatt følgjande samansetjing av valde medlemmer: Eli Skåland Tveitane (leiar), Tore Skeie (nestleiar), Åslaug Bjelland Sætrenes (skrivar), Solveig Norheim (kasserar), Jakob Bjørke (styremedlem), Solveig Lønning Sangolt (1. vara) og Ole Bjørn Kristensen (2. vara). Jakob Bjørke har vore sjukemeld dette året, og Solveig Sangolt har møtt fast som styremedlem. Styret har gjennomført 10 styremøte (derav eitt møte med strategidrøfting), 2 medlemsmøte og handsama 60 (59) saker i 2020 (2019). Inspirasjonssamlinga for medarbeidarar vart i samarbeid med Øystese indremisjon arrangert januar 2020.

Husstyret har hatt følgjande samansetjing: Ole Håland (leiar), Synnøve Farnes Flaten (nestleiar), Ingrid Selvik Undal (skrivar), Sissel Svåsand (styremedlem) Arthur Strømme (1. vara).

Valkomiteen har hatt følgjande samansetjing: Sølvi Mongstad og Marta Gravdal. Frå styret har Åslaug Bjelland Sætrenes møtt. Komiteen konstituerte seg sjølv. Hans Soldal er revisor.

Vidar Sangolt har vore tilsett i 15 % stilling som ungdomsarbeidar, der 10 % er knytt til ungdomskoret og 5 % til andre oppgåver som Origo- oppfølging, utleige og heimeside. Ungdomsarbeidet er eit strategisk viktig arbeid då det for mange vil vera avgjerande for ungdommar sitt forhold til tru seinare i livet. Styret er takksame for det gode arbeidet han får til saman med ungdommane! Uløna teneste er eit verdifullt bidrag til fellesskapen anten det er i i tenesteteam på allesamansamlingar, vask av bedehuset, vaktmeisterteneste, Junior Ving, Kraft RC, Kreare, Shine (NLM), Soul Children (Soul Children/Acta), tysdagsmøte, bønemøte eller andaktar på Toloheimen/Tolo omsorg. Styret vil takka alle som på ein eller annan måte gjer arbeidet på bedehuset mogleg. Dugnadsarbeidet på oppgradering av galleriet har også kome langt, takk til dyktige handverkarar!

Styret er glade for at huset kan brukast til ulike aktivitetar i tråd med målsetjinga og takkar for godt samarbeid med brukarar frå andre organisasjonar. Lærenettverket Agenda1 har me så vidt kome i gang med, og me vonar me kan få til nye samlingar framover til inspirasjon for ulike kristne leiargrupper i Hardanger og området rundt.

## NIM arbeidet

Året 2020 går inn i historia som året der mykje vart svært annleis enn me hadde tenkt og planlagt. Etter nedstenginga av samfunnet frå 12. mars skjedde det lite på bedehuset på grunn av strenge smitteverntiltak. 14. juni var me i gang igjen med to påfølgande samlingar med maks 50 deltagarar på kvar samling. Oppstarten på hausten vart meir normal, med inntil 90 frammøtte på det meste, sidan ein-meter-regelen framleis var gjeldande på offentlege samlingar. I november kom andre smittebølga med korona og påfølgande restriksjonar slik at arrangement igjen måtte avlystast. Adventssamlinga vart flytt til 20. desember og gjennomført med to samlingar. Det var kjekt å få synga julesongar og kjenna kor meiningsfullt og godt det var å få vera i lag igjen! Noko godt har den annleis situasjonen ført med seg, for me set no kanskje meir pris på den vanlege kvardagen og samlingane i den kristne fellesskapen.

Sidan feriereiser vart sett på vent for mange dette året, arrangerte me enkle samlingar m/bibelsamtale og bøn kvar tysdag gjennom heile sommarferien. Frammøtet låg på 15-20 deltagarar, og tilbakemeldingane var så gode at dette kan med fordel vidareførast.

Innanfor ramma av Norheimsund indremisjon skjer det mange ulike aktivitetar i løpet av veka og året. Måndagen har *Junior Ving* tilbod for maks 20 barn frå første til tredje klasse annankvar måndag etter *Shine-øvinga* (18 betalande medlemer i haust). *Kvam Soul Children* for 4-7.klasse (i snitt 16 medlemmer i vår, 8 i haust) øver annakvar tysdag, og T&T, som er for same aldersgruppe, (ca. 10 medlemer i vår), hadde samlingar etter korøvinga i vår. Klubben *KRAFT RC* (4-7.klasse), eit lågterskel-tilbod med hovudfokus på fjernstyrte bilar, hadde aukande oppmøte (15 medlemer, nokre gonger opp i 25). *Ungdomskoret* byter på å ha øving i Norheimsund og Øystese bedehus annankvar måndagskveld (51 registrerte medlemer). Kvar fredag har *Origo* samlingar for ungdom vekselvis i Norheimsund og Øystese bedehus. Det har vore eit aukande frammøte på samlingane med ca 15-20 ungdommar. Utpå hausten kom syklubben *Kreare* i gang, med rundt 10 ivrige deltakrar.

Det viktige bønearbeidet held fram, *bønemøta* tysdags morgen kl. 07.30-07.55 samlar ei trufast gruppe på omlag 10. *Tysdagsmøta* vart haldne om lag annankvar veke, men totalt berre 7 (14 i 2019) på grunn av smittevern-restriksjonar i periodar av året. Temaet i 2020 har vore «Inn til Jesus, ut til andre» i vår og 1 Peters brev i haust. Frammøtet har vore ca 35, flest godt vaksne. Mange set pris på fellesskapen og bibelundervisninga.

I 2020 har det vore *Allesamansamlingar* jamt over annankvar søndag føremiddag utanom i skuleferiar og periodar med nedstengingar grunna smittevern. Frammøtet har vore stabilt, av vaksne og småbarnsfamiliar, i gjennomsnitt ca 80 med små og store, men i periodar har smittevern avgrensa det til 50. To gonger har me hatt to påfølgande samlingar på søndagar. Barnegruppene (under skulealder, småskulealder og storskulealder) har me berre hatt sju gonger gjennom heile året på grunn av frammøteavgrensingar. Heldigvis fekk me gjennomført samarbeidssamlinga med «Lys våken» i kyrkja, med svært gode tilbakemeldingar.

Andre samlingar i regi av NIM har blitt avlyste, både 17. mai-fest, forsamlingsdagstur og julefest 3. juledag. Samlingar utanom bedehuset har og lidd under nedstenginga, t.d. dei månadlege andaktane på Toloheimen og Tolo Omsorg. Berre i starten og slutten av året har ein kunna hatt samlingar (4). Ein God Dag 2020 vart avlyst. IMS sin forsamlingskonferanse i Norheimsund og Indremisjons-forbundet sin fjerde leiarkonferanse på Straume Forum/Bibelskulen på Bildøy vart også avlyst eller digitalisert. På slutten av vårsemesteret var me med og gjennomførte IMS sin «Kjør-gjønå»-basar.

Styret er svært takksam for alle som legg tid og krefter ned i arbeidet på bedehuset på eine eller andre måten. Me ønskjer å vera eit raust, godt fellesskap om Jesus, vår Frelsar. Så ønskjer me også å gjera ein forskjell for lokalsamfunnet vårt og i det verdsvide misjonsarbeidet.

Bedehuset vart dessutan nytta for samlingane til Gottmann ekteskapskurs. Hovudsalen gav nok plass til alle deltarane sidan Norheimsund skule var stengd for eksterne arrangement i koronatida.

## Fellesskapsutvikling

NIM-styret arbeider for eit levande og inkluderande fellesskap som ærar Gud, deler tru og liv, og får fleire med. På medlemsmøtet i haust fekk me gjort eit litt grundigare arbeid med visjon for NIM, kvifor gjer me det me gjer. Nokre døme på forslag til visjon: «Norheimsund indremisjon: Eit kristent fellesskap for alle. Eit levande fellesskap med Jesus og kvarandre. Fellesskap – inn til Jesus- ut til andre. Saman i teneste og tilbeding, Andens kraft og Jesu kjærleik i oss og gjennom oss. Med Jesus og kvarandre til bygda.» Styret vil arbeida vidare med visjonsformulering. Agenda1 lærerettverket kan verta ein nyttig reiskap til det.

Allesamansamlingane i 2020 følgde vanlegvis tekstrekkja for søndagen og for kvart semester vert det sett opp eit overordna tema for halvåret. Temaet i vår var «Sjå eg skaper noko nytt, merkar de det ikkje?» og i haust «Ein læresvein etterliknar Jesus».

Om auka deltaking i tenesteteam, sjå punkt 2 under satsingsområda under.

## Satsingsområda 2020

### **1. NIM visjon**

Med utgangspunkt i Agenda1-undervisning, tok styret opp arbeidet med å utforma visjon som kan gje tydeleg retning i forsamlingsarbeidet. Medlemsmøtet hausten 2020 hadde særleg fokus på det. Mange var engasjerte i diskusjonane. Forslaget er ikkje endeleg utforma, men me har eit større fokus på kvifor me gjer det me gjer i NIM. Arbeidet med fornya visjon held fram.

### **2. Oppfølging/opplæring i tenestegruppene**

Tenesteteama har sine leiarar og i tillegg kontaktperson i styret. Kvart tenesteteam fordeler oppgåvene i semesteret seg imellom. Leiaren held oversikt og informerer om endringar. Talet på uløna medarbeidarar under allesamansamlingar har auka til ca 50, så svært mange av dei vaksne bidreg på ein eller annan måte, det er flott!

Trangen for opplæring i tenesteteama varierer. Musikarar og forsongarar har i haust fungert i to team som deler på ansvaret. Dei øver jamleg og byggjer etter kvart opp fast repertoar. Det har fungert godt. Barnegruppene samlast oftast ei gong i semesteret for å leggja planar og samordna felles opplegg. Dei som er med i forbørnenesta har hatt mest digital kontakt. Leiaren organiserer i tillegg forbøn for innmelde bøneemne til ein bønering (17 er med fast). Det betyr utruleg mykje at teneste-teama fungerer godt. Tilbodet om forbøn vil me synleggjera endå betre til glede og nytte for den som treng det.

### **3. Barnegruppene søndagar**

Nye opplegg har vorte prøvd ut i inneverande år, «Aldri alene» for storskulegruppa, «Sprell levende» for småskulegruppa, og «Kort og godt» for gruppa under-skulealder. I dette spesielle året der me har hatt under halvparten av ordinære samlingar, er det vanskeleg å ha ei grundig evaluering. Styret foreslår at evalueringa vert gjort seint hausten 2021 om barnegruppene har fått tilstrekkeleg erfaring med opplegga me brukar no.

### **4. Agenda1 Hardanger og området rundt**

Det har vore vanskeleg å planleggja og gjennomføra Agenda1-samlingar i eit år med så mange endringar om kor mange som kan samlast. Fleire gonger har me mått avlysa samlingar eller brukt digitale løysingar. Arbeidet med visjon har i alle fall kome i gang som ei frukt av Agenda1-undervisninga. Så håper me at me kan få gjennomført samlingar i 2021.

### **5. Inkludera våre nye landsmenn i fellesskapen**

I eit krevjande år med varierande smittevern-reglar, har styret i liten grad hatt fokus på dette. Me ser at mange av våre nye landsmenn følgjer borna på barnekor og aktivitetar for barn, så dette er ein fin inngangsport til å invitera dei med på andre samlingar. Det viser seg at mange av dei går inn i

helsestillingar og fort tek på seg mange (ledige) helgevakter. Då kjem dei ikkje på samlingar søndag føremiddag. I tillegg trur me at den beste inngangen er å etablera venskap med familiar, før ein inviterer dei på fellessamlingar.

## 6. Tilsetjingar i forsamlinga

Færre samlingar, færre kollektar og meir uviss økonomi i 2020 har vore medverkande til at styret i liten grad har arbeidd målmedvite med tilsetjing. I styret har det kome forslag om å engasjera ein fellesskapsutviklar/rettleiar som kan hjelpe oss å ta gode steg i bygging av fellesskapen på bedehuset. Dette må komande styre arbeida vidare med.

## Rekneskapen

Økonomi-nemnda har hatt gode innspel til økonomien også dette året. Dei minner om at medlemane bør sjå fordelen med å gå inn på fast gjevarteneste med skattefrådrag. Om ein då eventuelt til saman gjev kr. 10 000 årleg, kostar det eigentleg gjevaren berre kr. 7000 for dei resterande 3000 er redusert skatt. Merk også at denne gjevartenesta er ikkje fastare enn at det er heilt i orden å stryka ein eller fleire innbetalingar når det ikkje høver.

Inntektene i NIM har gått kraftig ned på grunn av nedstenginga av samfunnet med langt færre samlingar med kollektar. Utan den faste gjevartenesta blant medlemane, hadde økonomien vore svært kritisk i år.

Trass i lågare inntekter og at me alt har betalt mesteparten av galleri-ombygginga utan å ta opp ekstra lån, er årsresultatet bra med eit overskot på om lag 10.000 kr.

Samla inntekter er kr. 463 040 (547 849 i 2019). Samla utgifter vart kr. 452 428 (491 372 i 2019). 70% av kollektinntekterne kjem no inn via VIPPS, så kontantar vert mindre og mindre brukt. Ved utgangen av 2020 hadde me kr. 240 741 i banken.

## Satsingsområde for det vidare arbeidet

- Fullføra arbeidet med ny visjon til NIM
- Engasjera ein rettleiar for fellesskapsutvikling
- Styrkja arbeidet i tenestegruppene
- Halda fram med Agenda1 for leiargrupper

Norheimsund, 18.januar 2021

Styret for Norheimsund indremisjon

---

Tore Skeie

Solveig Norheim

Åslaug Bjelland Sætrenes

---

Ole Bjørn Kristensen

Solveig Lønning Sangolt

Eli Skåland Tveitane